**Til brudeparet Syslak,**
på brudlaupsdagen den 31 mai 1952.

Tone: Den nyan stævtonen.

1.

Når slik me sitja kring brudlaupsbordet,
me föler trong til å "gripa ordet".
-Ein liten freistnad for fyrste gong,-
/ og helsa "Brurfolket" med ein song /

2.

Skal magen greida slik mat fordöya,
og sleppa slita med bal og möya,
må han få smaka ein liten spök
/ til "attpåmat" attpå kjöt og lök /

3.

I dag stig gleda frå hjartegrunnar
hjå både Ingebjörg og han Gunnar.
På livsens solhögd dei sitja no.
/ og lukkelege er båe tvo /

4.

Skal "livsens vinst" vega opp med "tapet",
so lyt ein hamna i "ekteskapet".
Å slita einsleg er ikkje bra.
/ Nei, tvo kan lettare lasset dra /

5.

Me treng 'kje undra oss, nokonsinne,
kor unge folk kan kvarandre finne.
Dei som skal havast, dei finnast nokk,
/ om so med blyant og kladdeblokk /

6.

Og Gunnar-guten, han pent laut venta
til dess han fann seg ei sognegjenta.
No hadde hamna i Haugesund,
/ men dette hadde sin visse grunn./

7.

Han treng 'kje sukka, og gå og grua,
som fekk slik hentande væn "Old-Frua".
No kan han byggja turisthotell,
"moderne", "splendid" og "Very-Well".

8.

"Til lukka, Gunnar! For visst me vona:
Du får ei kjærleg og dyktig kona.
Lat maten smaka! Ver like bli,
/ om han ein hende gong skulde svi./

Ragna og Bergit.